

## **Norsk kulturråd og kulturminnevern**

**Oppland Venstre ynskjer å styrke Norsk kulturråd som direktorat og nasjonalt kompetansesenter, og ei styrking av kulturminnevernet, med særleg vekt på istandsetting av dei eldste kyrkjene gjennom eit eige nasjonalt løft.**

- 1) Regjeringa sitt ekspertutval har kome med innspel til framtidig finansiering av kulturlivet og fordeling av arbeidsoppgåver. I eit eige kapittel om museum og visuell kunst seier utvalet at finansieringsansvaret for det store fleirtalet av musea bør overførast til fylkeskommunane. Unntaket er tilskott som går til institusjonar som har eit klart definert nasjonalt oppdrag, som Norsk Folkemuseum og Nasjonalmuseet.

Norsk kulturråd er i dag direktorat for alle museum med tilskott gjennom det nasjonale museumsnettverket, og har sidan museumsreforma i 2000 arbeidd systematisk for å styrke og profesjonalisere det faglege arbeidet ved alle norske museum. Museums-Noreg har endra seg vesentleg sidan dagens «nasjonale» museum rådde grunnen åleine. Fleire har kome til, og reforma frå 2000 har skjerpa mange museum. Også dei små. Det nasjonale ansvaret er ikkje berre eit ansvar for dei store, men òg for dei små.

Oppland Venstre er kritiske til oppsplitting av Norsk kulturråd. Intensjonen om å bygge opp regionale fagmiljø er god, men musea i landet ynskjer sterke motorar som kan drive fram profesjonaliseringa i sektoren. Stortinget har bestilt ei evaluering av reforma frå 2000. Før regioniveren splittar Kulturrådet ytterlagre, bør ein lytte til råda i denne evalueringa.

- 2) Oppland Venstre saknar ei offensiv haldning til kulturminnevernet, som særleg gjeld istandsetting av dei eldste kyrkjene. Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon gjennomfører kontrollar på kyrkjene kvart fjerde år. I 2014 seier dei at tilstanden er utilfredsstillande på meir enn kvar fjerde kyrkje. Etterslepet på vedlikehald er på meir enn 10 milliardar kroner, blir det hevda. Kulturminister Thorhild Widvey sa i 2013 at ho ville få på plass eit nasjonalt løft for freda og verna kyrkjer, og at kulturbygg skal vere på eit normalt vedlikehaldsnivå innan 2020. Enno ser vi ikkje spora av ei slik satsing. Oppland Venstre ynskjer at Venstre skal ta eit nasjonalt ansvar for istandsetting av kyrkjene våre, og at det blir sett i verk tiltak for å gjennomføre eit nasjonalt løft for freda og verna kyrkjer.

Valdres Venstre